

Biskop Ragnhild Jepsen si preike 1. påskedag 2025 – Bergen domkirke

Det er fyrst når vi ser inn i den tomme grava at vi kan tru at døden er overvunne. Når verda framleis erfarer at døden omgjev oss, er det dette vi er kalla til:

- Å vitne om Jesu oppstode trass i vondskap og motløyse.
- Å tru at livet har sigra over døden.
- Å forkynne bodskapen om at Gud har forsona verda med seg sjølv.

Kvinnene som kom til grava sprang og fortalde det til Jesu vener og disiplar: “Dei har teke han vekk frå grava, og vi veit ikkje kvar han er.” Men Simon Peter og den andre disippelen gjekk inn i grava og såg at Kristus ikkje var der. Dei såg og trudde. Og i ei verd der døden råkar og omgjev så mange menneske og er ein realitet for så mange gjennom krigar og ufred, er det dei såg, - trua dei vitna om, det vi har å stø oss til.

Det er to tomleikar no: Den tomme krossen og den tomme grava.

Jesu kross var omgjeven av to andre kors. Midt mellom dei to andre dødsdømde si liding og dødsangt på Golgata den dagen, var Jesus.

Men ikkje berre då:

Jesus tek del i vår liding og naud også i dag.

Han ser våre medmenneske på jorda som er offer for maktkampar og urettferd. Han deler vår liding, vår fortvilning og vår sorg.

Han gjev håp om liv, der liv er lagt øyde.

Han kjem til oss med bodet om forsoning og frigjering der lekkjer og ufridom er sett om menneskeliv.

Men ved påskedagens glede og den tomme grava får vi del i hans oppstode; Jesu siger over dødens makt.

At døden må vike for Gudsrikets krefter er på nytt ein realitet, ei sanning som skin over vårt liv og vår død.

Eg trur vi treng påskebodskapen meir enn nokon gong i vår levetid. Vi treng orda om von, om nytt liv, om at vondskapen skal sigrast over. Vi må ikkje la oss overmanne av alt som vil spreie frykt og angst og død. Vi må ikkje havne der at redsla for det ukjente gjer at vi stengjer oss sjølv og grensene våre for den framande. Vi må ikkje leve slik at den einaste måten vi trur at vi kan leve godt, er å frårøve vår neste livet; anten det er vår fiende; vår bror som tilhøyrrer ein annan religion, eller det er den framande - flyktningen som bankar på våre dører.

Det er ei oppgåve for kyrkja å halde fram Jesu oppstode som ei historisk skjelsetjande hending! Ja, at det er den hendinga i menneskeætta si historie som endra alt; ei frigjerande Guds handling med sitt skaparverk som overgår alt anna, og som framleis i dag set menneske fri frå lekkjer og åk på ein måte som ingen andre hendingar.

Vitnemål frå menneske som er sett fri, om det er frå sjukdom, fangenskap eller krig, har i seg gleda og jubelen som berre ei slik gjennomgripande handling kan ha. Kanskje er det denne gleda

vi må finne fram til når vi med våre ord og omgrep skal fortelje om frigjeringa og gleda i oppstoda, og kva det betyr for oss?

Denne våren feirar vi Frigjeringsjubileet, at det er 80 år sidan landet vårt igjen vart fritt etter fem år med okkupasjon og krig. Eg som ikkje opplevde det sjølv, har berre sett dei jublande scenene på film, sett gleda og vona som freden kom med:

At ein igjen kunne puste, juble, vere seg sjølv, kjenne at livet kom attende og ein ikkje trengte å vere redd for å vere den ein var.

Men vi veit jo også at det etter frigjeringa vart krevjande år med oppgjer og ansvarsfordeling, at fridomen kom med ein pris.

Det er djupt lagt ned i oss menneske at vi lengtar etter rettferd, men rettferda kjem ikkje utan at nokon tek på seg eit ansvar, og som regel høyrer det også med å plassere skuld.

Kva håpa ein på i frigjeringsdagane for 80 år sidan?

Kva for lengslar om fridom og nytt liv bar ein på etter år med kamp og vondskap? Korleis kunne rettferda skje, ikkje berre i vårt land, men for alle dei millionane av menneske over heile verda som hadde vore forfølgde, mishandla og drepne? Korleis såg ein for seg at ein igjen skulle leve med fridom og i tillit, når erfaringa var svik og mistenksomhet?

Men vi markerer også at det er 85 år sidan andre verdskrig braut ut.

Eg har undra meg – korleis vite kva ein skal kjempe for – eller mot? Ville eg ha visst kva for side eg skulle velje? Ville eg vere villig til å gje livet mitt for det som var rett å kjempe for?

Og vi som lever no i ei verd der krefter står mot kvarandre, bror kjempar mot bror, og nabofolk ynskjer å utslette kvarandre:

Kva for krefter skal ein lene seg mot? Kva skjønar vi no av kampane som pågår mellom godt og vondt, dei som vil bygge og dei som vil bryte ned?

Den tyske presten og teologen Dietrich Bonhoeffer vart fengsla i Tyskland i april 1943. Han hadde vore med i motstandsrørsla som mellom anna utførte eit attentat mot Hitler. Og berre ein månad før det tyske riket falt; 9.april 1945, vart han avretta av Gestapo.

Bonhoeffer fekk ikkje oppleve fridomen som han hadde kjempa for. Likevel tenker vi om han som ein som tala om frigjering på ein måte som har sett spor, også i teologien og i kyrkja:

Vi må ikkje tale lett om Jesu død og oppstode, og kva det betyr for oss og vår relasjon til Gud, seier han. Vi kunne tenke at det var som å forhalde oss til ein “billig nåde”; den som forkynner tilgjeving utan omvending, utan etterfylgjing, utan krossen, utan den levande Jesus Kristus.

Nei, nåden kosta Gud dyrt! Det er som skatten som er gøymd i åkeren, og dei som finn den, går med glede bort og sel alt dei eig for skattens skuld. Nåden er dyr, fordi den kosta eit menneske livet – og det er nåde, fordi det er slik den gjev menneske livet. Men framfor alt er nåden dyr fordi den kosta Gud dyrt – sonen måtte gje sitt liv.

På denne påskedagen, då all skapningen lovar sin Skapar og vi prisar vår oppstadne Herre, veit vi at frigjeringa på krossen kjem med ein pris, eit oppgjer. Men i motsetnad til tida og oppgjeret etter vårt lands frigjering i 1945, har oppgjeret allereie vore når Jesus bryt lekkjene og trer ut av gravkammeret. Rettferda har skjedd. Vi er sett fri, fri til å leve med fridom og i tillit. Fri til å vite oss elska av Gud og fullverdige i kyrkja sitt fellesskap.

Det er enda eit jubileum denne våren. Frå 20.mai til 19.juni i år 325 møttes biskopane til kyrkjemøtet i Nikea. For dei var oppstoda ei hending i relativt nær fortid – det som var grunnlaget for trua dei delte, for gudstenesten dei feira. Og sjølv om dei kunne vikle seg inn i diskusjonar og usemje, gav dei vidare den vedkjenninga som også vi snart skal seie fram saman, truvedkjenninga som i 1700 år har fått lyde i gudstenestens fellesskap: At Jesus vart krossfest for oss under Pontius Pilatus, leid og vart gravlagd, og oppstod tredje dagen etter skriftene.

Det er vårt vitnemål. Det er vår frigjerande tru.

Det er vår jublande glede!

Oppstoda si kraft gjeld for oss alle.

I dag jublar skaparverket og vi kan seie med apostelen: Døden er slukt og sigeren vunnen. Død kvar er din brodd. Død, kvar er din siger?

Ære vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, vår Skapar, Frigjerar og Livgjevar, som var og er og vera skal éin sann Gud frå æve og til æve. Amen.